



Onsdag i neste veke - altså om ei veke frå i dag - blir det ny strikkekafe i Gamleskulen, opplyser Janne Haaranes, som har starta og står bak dette fine tiltaket.

Også denne gongen kjem Kristlaug Bjørke (biletet) frå Porselensbuo i Rosendal med nyheiter i garn og oppskrifter - og som alltid med gode tilbod.

Kafeen startar klokka 18 og alle med både strikkepinner og heklenål er sjølvstilt velkomne.

- Vi håpar på godt frammøte. Det er avgjerande for om vi vil halda fram med strikkekafeane, seier Jane.

(Foto: Ola Matti Mathisen)